

Referat Fagleg Brukarråd Hørsel

Tid: 02.09.2020 kl 1200 - 1400

Stad: Webex

Tilstades:

Brukarrepresentantar: Hans-Petter Østreng (HLF), Marit Skatvedt (HLF), Elisabeth Frantzen Holte, Frode Liland (NDF) og Monica Thorsen (HHBO)

Frå Statped: Kristin Fastvold, Bjørn Bakken, Marit Helèn Knudsen, Aina Therese Fossum og Alice Walgermo

Forfall: Lene Bergli

Møteleiar: Kristin Fastvold

Referent: Alice Walgermo

Saksnr	Sak
	Godkjenning av saksliste
	Faste saker
	Oppfølging av Meld St. 6. (2019-2020) Tett på. Tidlig innsats og inkluderende fellesskap Orientering om omstillingsarbeidet. Sjå presentasjon.
	Utviklingsarbeid Hørsel <u>Hørsel og teiknspråk</u> Prosjektarbeidet vert leia av Grethe Kruse Aas. Arbeidet med samarbeidsrutiner i regionane skal vere ferdigstilt ila året. Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på samarbeidet mellom deltidsopplæring og avdeling Hørsel, der oppdraget er å sjå på korleis dei to avdelingane kan møte skulane som eitt Statped. <u>Elevkurs</u> Arbeidsgruppa vert leia av Tone E. Morsund. Gruppa ser no på korleis Statped kan få til eit tettare samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og ressurskular. Det blir prøvd ut ein pilot i Sarpsborg og Ålesund ila hausten. Samlingane vil vere fysiske med digitalt innhald. Innspel i møtet var at elevkursa er vanskeleg tilgjengeleg på Statped.no. Statped tek med seg innspela om tilgjengelegheit og forenkling i høve til elevkursa. <u>Kurs til foreldre til born med nedsett hørsel 3-6 år</u> Arbeidsgruppa vert leia av Anne Grethe Melsbø. Gruppa arbeider med ein e-læringsmodul og bruk av digital plattform. Det er utarbeidd ein milepælsplan. Arbeidet har god framdrift og e-læringsmodulen skal vere på plass ila året. <u>Lytte- og talerettleiing</u> Målet med utviklingsarbeidet er å auke kvaliteten på lytte- og talerettleiing. Det er laga ein milepælsplan og sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå alle regionar Fyrste samarbeidsmøte er i slutten av september.
	Nye saker

	Orienteringssaker
12/20	<p>Arbeid med digitalisering i Statped</p> <p><u>Erfaringar med digitale kurs</u> Trass i at digitale kurs og tenester i Statped ikkje er noko nytt, har våren 2020 og koronapandemien ført til at dei tilsette i Statped har fått eit digitalt kompetanseløft. Omvendt undervisning er sett på agendaen og engasjementet blant rådgjevarane er stort. Generelt blir det meldt om gode evalueringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • ASK og NMT er prøvd ut i nokre regionar i ei delvis digital form med ein dag fysisk og ein dag på skjerm. Kurset er evaluert bra. • Webinar - ulik deltaking på dei ulike temaa. Nytt for året er at alle regionar har kurs for nyttilsette i barnehage og skule. Kurset er heildigitalt og skjer i samband med NAV hjelpemiddelsentralen i fylket. • Master i audiopedagogikk v/NTNU - heildigitalt kurs med 17 studentar som førebels gjev gode tilbakemeldingar. • Fagavdeling TS - den digitale plattformen Canvas fungerer godt. Per i dag er Canvas lagt til rette for deltidselevar og foreldre. Målet er at sysken også skal få tilgang, men det er eit omfattande arbeid og vil fylgjeleg ta litt tid. Tilbakemeldingane i haust har omhandla utfordringar knytta til det tekniske og det organisatoriske. Det har ført til eit større fråver enn tidlegare. Eit tiltak for å bøte på mangelen på det sosiale, er å seje i gong ein digital teiknspråkcafé ein time kvar fredag. Kafeen vil vere open for alle på Canvas og vil gje foreldra moglegheit til jamneleg praktisering av teiknspråk. Målet er at kafeen skal starte ila eit par veker. <p><u>Prosess rundt arbeidet med teksting når ein rettleiar/kursar over nett</u> Policyen i Statped er klår. Alle opptak som blir lagt ut blir teksta. Årsaka til at Statped nyttar webex som digital plattform er knytta til GDPR. Det gjev oss også nokre utfordringar når det gjeld teksting av direkte kommunikasjon, då det er umogleg slik webex fungerer i dag.</p> <p>Statped har dialog med SIKT (it-avdelinga i Statped) i høve til arbeidet med å få til ei tekstløysing. Saka blir teke opp att på neste møte <i>11.november 2020</i>.</p>
13/20	<p>Ny direktør i Statped</p> <p>Annemarie Bechmann Hansen er no tilsett som ny direktør i Statped og vil starte opp ila desember d.å. Bechmann Hansen kjem frå stillinga som direktør ved Kunsthøgskolen i Oslo. Ho har lang erfaring frå offentleg forvaltning generelt og har god kjennskap til opplæringssektoren med 12 år som divisjonsdirektør i Utdanningsdirektoratet. Bechmann Hansen kjenner Statped og leia m.a omstillinga i Statped etter Meld.St.18 i ein interimperiode. Det var totalt 18 søkjarar til direktørstillinga.</p>
14/20	<p>Brukarundersøkinga 2020</p>

	<p>Brukarundersøkinga 2020 er utarbeidd med støtte frå Mercuri Urval. Brukarråda nasjonalt, fagleg og regionalt har fått moglegheit til å komme med innspel. Statped oppmodar <i>alle</i> til å svare på brukarundersøkinga.</p>
15/20	<p>Elektronisk evaluering av tenester – pilot</p> <p>Det er sett i gong eit arbeid med elektronisk evaluering av tenester. Målet er å få informasjon om effekt, måloppnåing og kva som evt kan gjerast for å betre tenestene. Piloten vil vere frå 1.september 2020 – 30.mars 2021. Det er også lyst ut ei intern stilling som skal jobbe med arbeidet.</p>
	<p>Drøftingssaker</p>
16/20	<p>Vidare organisering av Statped</p> <p>Det vart ei lita drøftingsrunde knytta til forventingar rundt ny organisering og innspel til omstillingsarbeidet.</p> <p>Statped tek med seg fylgjande</p> <ul style="list-style-type: none">• betre samarbeid med NAV for å organisere faste kurs for tilsette i skulen ved installering av lydempande anlegg i klasserommet• viktigheita av å oppretthalde Hørsel som eit kompetent og sterkt fagmiljø når tenesta skal vere landsdekkande <p>Hensiktsmessig organisering av brukarråda og brukarmedverknad vil bli teke opp på eit seinare tidspunkt i omstillingsarbeidet.</p>
EVT	<p>Frode Liland – presentasjon på leiarnettverksmøtet 28.08.2020</p> <p>Statped rettar stor takksemd til Frode Liland som haldt presentasjonen <i>Oppleving av stum teiknspråkoplæring til born med CI</i> på leiarnettverksmøtet 28.08.2020. Innlegget gav meirverdi og gjev grunnlag for gode refleksjonar i organisasjonen.</p>